

Til

Alver kommunestyre

MERKNADER TIL ØKONOMIPLANEN 2023–2026 FOR ALVER KOMMUNE

Alver kulturråd har lese framlegget til økonomiplan for 2023–2026 og merka seg framlegga om kutt i ramma på 7 millionar kroner i 2024 og 10 millionar i 2025 og 2026. Kulturrådet reagerer med stor uro på desse utsiktene, og ber kommunepolitikarane gjera sitt beste for å skjerma kulturfeltet.

Kulturrådet har særleg notert seg dei konsekvensane som kommuneleiinga ser at desse kutta kan få for kulturfeltet i Alver:

– Vesentleg endring av bibliotekstrukturen, med nedlegging av bibliotek.

– Vurdering av tilbodet med bokbuss

Bokbussen har lenge vore køyrd av ein pensjonist. Å leggja den ned og samstundes leggja ned ein av bibliotekfilialane vil rasera lese tilbodet for innbyggjarane i store delar av kommunen, særleg born, unge og eldre, som er prioriterte grupper i kommunen sine retningslinjer.

– Avvikling av ungdomsklubbar / open hall / ferieaktivitetar

Alver kulturråd minner om at fattigdomsproblemet i Noreg, særleg for br og unge, er veksande og ei stor utfordring for dei sentrale styresmaktene. Det er derfor akutt viktig at ikkje kommunen gjer skadelege kutt i tilboda til særleg sårbare grupper.

– Konsentrere kulturskule til Knarvik, Manger og Frekhaug.

Alver kulturråd meiner det er viktig å analysera kor stor innsparing det vil gje å ta vekk/leggja ned tilbod som ellers er rimelege og hovudsakleg byggjer på faste kostnader som ikkje kan kuttast. Det kostar ikkje ekstra å ha kulturskulelærarar på Lindås, Ostereidet og Rosslund: Tilboda brukar skulebygg, og lærarane får ikkje reisegodtgjersle.

– Avvikle open bading i Radøyhallen

Dette er svært negativt for folkehelsa, i ein kommune der andre større badeanlegg manglar. Radøyhallen er mykje nytta av folk frå større delar av kommunen enn gamle Radøy.

– Betydeleg reduksjon i tilskot til frivillige lag og organisasjonar

Alver kulturråd er uroleg for at støtta til lag og organisasjonar skal kutast. Dei fleste laga som ikkje er beskytta i budsjettet, får så lite frå før at det er ei skam berre å foreslå ytterlegare kutt. Igjen er det snakk om svært spinkle postar i det totale budsjettet for Alver.

– Auke satsar til kulturskule, avgrense rabattar

– Auke betalingsatsar idretts- og kulturanlegg

– Reduksjon av tilskot til tilsyn og drift av idrettsanlegg

Økonomisk auke i tenester og bortfall av rabattar vil gjera at det berre er dei økonomisk best stilte som kan gjera bruk av idretts- og kulturaktivitetar. Alver kommune risikerer dermed å ikkje gå utviklingsmessig og etisk i takt med overordna mål politisk sett og i planverket. Kulturrådet ser det som viktig å ha eit integrerande samfunnsliv der alle kan delta uavhengig av kor rik ein er. Det er dei minst be midla som treng at tenestene er tilgjengelege for ein overkommeleg sum.

Samla sett vurderer Alver kulturråd saka slik:

Skal det skjerast i budsjettet og økonomiplanen, må det skje andre stader der det kan vera meir å henta. Intensjonsavtalen bind det politiske systemet, og heile strukturen på kommunen er dyr (fire nivå). Straumrekningane er sjølvsagt høge, og fleire økonomisaker har plutselig dukka opp med store sprekkar. Også saker ein har gåande i rettssystemet kostar.

Kulturrådet les framlegget slik ein skal minka budsjettet i 2024 for så å auka reduksjon i åra som kjem. Dette er ein svært usikker føresetnad. Alver kulturråd meiner at dersom Alver kommune skal kunna tilby gode levetilhøve og oppvekstvilkår, må kulturen heller styrkjast. Kulturen er limet i samfunnet vårt. Gode, trygge og utviklande møteplassar er eit heilt nødvendig vilkår for at folk skal få lyst å flytta hit. Folk opplever ikkje bulyst om vi ikkje har levande bygder og eit sterkt og allsidig regionsenter der kulturelle tilbod har ein plass.

For Alver kulturråd

Ivar Hopland (sign)

leiar

